



ULSTEIN KOMMUNE



Rapport frå prosjektet
*Styrka innbyggardialog og
lokaldemokrati*

INNLEIING

Bakgrunn

Dei seinare åra har Ulstein kommune lagt stadig større vekt på dialog med innbyggerane. I behandlinga av budsjettet og økonomiplanen for 2017–2020 sette kommunen seg som mål å styrke innbyggardialogen. For 2017 vart det løyvd 50 000 kroner til eit prosjekt som skulle hente inn kunnskap og prøve ut nye arbeidsmåtar på feltet.

Prosjekt

Formannskapet utnemnde 7. februar 2017 ei prosjektgruppe for prosjektet *Styrka innbyggardialog og lokaldemokrati* og vedtok prosjektplanen for arbeidet. Prosjektet skulle strekke seg over 2017 og 2018. Formannskapet slo fast at arbeidet skulle rette seg mot innbyggerane i Ulstein sine moglegheiter til å direkte vere med på å skape framtidens lokalsamfunn og å vere med på å påverke enkeltsaker.

Formannskapet, som innovasjons- og utviklingsutval i kommunen, vart definert som styringsgruppe for prosjektet. Denne prosjektgruppa med tilsette vart peika ut til på gjennomføre prosjektet: Tor Halvar Botnen, Vegard Ertesvåg, Marie Flatin, Asbjørg Garshol, Svein Arne Orvik (prosjektleder), Kari Marie Øvrebø. Garshol og Botnen slutta i kommunen om lag midtvegs i prosjektperioden. Anita Sundnes vart då teken inn i prosjektgruppa.

Mål

Formannskapet sette desse måla for prosjektarbeidet:

- Innbyggerane i Ulstein medverkar i avgjerdsprosessar.
- Ulstein kommune har ein kultur for innbyggardialog og samskarar med nye verkemiddel.

Formannskapet sette også prosjektet i samanheng med andre mål i kommunen om å

- drive meir nyskaping
- ta i bruk meir ny teknologi
- forenkle og betre tilrettelegginga av saksdokument

ARBEIDSMÅTE

Prosjektet har vore gjennomført i samspel med ulike delar av den kommunale organisasjonen – både politisk og administrativt – og med eksterne kunnskapskjelder. Prosjektgruppa har vore bidragsytarar og rådgivarar til fleire pågåande prosjekt og prosessar.

Arbeidet har vore retta inn mot utprøving og nyskaping. Avsnittet *Aktivitet og resultat* gjer greie for arbeidsmåtar som er prøvde ut i samband med prosjektet.

Politisk forankring og involvering

Innrettinga på arbeidet til prosjektgruppa har vore forankra i formannskapet gjennom orientering og gjennom behandling av strategien for innbyggardialog. At områdeplanen for sentrum vart eit prioritert innsatsområde i prosjektet, var forankra i gjennomgangen av prosjektarbeidet i formannskapsmøtet 28. november 2017. Kommunestyret, formannskapet, hovudutvala, ungdomsrådet og fellesrådet for menneske og nedsett funksjonsevne har behandla strategien for innbyggardialog. Kommunestyret har fått presentert eit kartverktøy til bruk i innbyggardialogen. Folkevalde frå ulike organ har elles vore direkte involverte i fleire av tiltaka som er gjennomførde i prosjektperioden.

Administrativ forankring og involvering

Prosjektgruppa har vore sett saman slik at ulike delar av organisasjonen har teke aktivt del i arbeidet. Fagområde som politikk, kommunikasjon, planarbeid, ungdomsarbeid og IT har vore representerte i gruppa. Aktivitetane i prosjektet har i stor grad vore kopla til pågåande prosessar i ulike avdelingar. Dette har både vore ein fordel – for å sikre at prosjektaktivitetane har vore relevante – og naudsynt, fordi prosjektet har hatt avgrensa økonomiske ressursar. Prosjektet har vore presentert for etatsleiarane i kommunen. Leiarforumet i kommunen har vore involverte i å drøfte vegen vidare for arbeidet.

Hente inn kunnskap

I tråd med føringane for budsjettløyvinga i 2017, har prosjektgruppa prioritert å hente inn kunnskap. Dokumentasjon frå arbeid med innbyggardialog og lokaldemokrati i andre kommunar i Noreg og i nabolanda, har vore viktige kjelder. Prosjektgruppa var i november 2017 på studietur til kommunane Malmø og Lund og Region Skåne, som utmerkar seg ved å ha arbeidd lenge og systematisk med innbyggardialog. Studieturen gav både kunnskap om konkrete arbeidsformer som gruppa seinare har testa ut, og viktige perspektiv som vart tekne med i arbeidet med strategidokumentet om innbyggardialog. Arena Sunnmøre-samlinga i november 2017 var også ein viktig læringsarena med innlegg av ekspertar på innbyggardialog frå Noreg og Sverige.

Lage strategi

For å bidra til at arbeidet med innbyggardialog i Ulstein kommune vert langsiktig og held fram etter prosjektperioden, er det i 2018 nedfelt ein *Strategi for innbyggardialog*. Prinsippa i strategien vert refererte seinare i denne rapporten. Strategidokumentet peikar elles på tre hovudgrunnar til at kommunen vil styrke innbyggardialogen og lokaldemokratiet:

- *Eigenverdien*: Først og fremst har demokratisk deltaking – det at innbyggerane tek del i avgjerdsprosessane – eigenverdi.
- *Avgjerdene*: Når kompetansen og engasjementet blant innbyggerane får påverke avgjerdsprosessane, vert avgjerdsgrunnlaget meir solid.
- *Samskapinga*: Heile lokalsamfunnet må engasjerast i å skape framtidens Ulstein. Dialog er ein føresetnad for å skape løysingar saman med innbyggerane, heller enn for dei.

AKTIVITET OG RESULTAT

Her følger ei oversikt over tiltak og arbeidsmåtar som medlemmene i prosjektgruppa har bidrege til å prøve ut i prosjektperioden. Oversikta konsentrerer seg om prosessar der innbyggjarane har høve til å *påverke*, i tråd med denne definisjonen i *Strategi for innbyggardialog*:

Med omgrepet innbyggardialog meiner vi kommunikasjon mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen om saker og prosessar innbyggjarane kan påverke. Innbyggardialog tyder dermed ikkje det same som generell kontakt mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen. Innbyggardialog er heller ikkje formidling av informasjon eller forankring av avgjerder som allereie er tekne.

Kommunikasjonstiltak som i mindre grad dreier seg om påverknad, er såleis ikkje med i denne oversikta.

Samla viser oversikta at over 700 personar har delteke på dei fysiske og digitale møteplassane prosjektgruppa har medverka til i 2017–2018. Aktiviteten i kommentarfelta til *På saklista*-artiklar på Facebook er då ikkje tald med.

Tenesta *Ideverftet*, der innbyggjarane kan melde inn idear og initiativ på nett, er førebudd i prosjektperioden. Tenesta vert først lansert i 2019 og er derfor ikkje nærmare presentert her.

Nettside med tips og råd til innbyggjarane om politisk påverknad



The screenshot shows the website for Ulstein Kommune. At the top left is the Ulstein logo and the text 'ULSTEIN KOMMUNE'. To the right is a search icon and the text 'Større skrift'. Below the header is a breadcrumb trail: 'Framsida → Påverknad og politikk → Slik kan du påverke'. The main heading is 'Slik kan du påverke'. Below it is a sub-heading: 'Hald innlegg på eit kommunestyremøte! Det er éin av måtane du kan påverke lokalpolitikken på mellom kommunestyrevala. Her får du fleire tips.' Below that is another sub-heading: 'Hald innlegg under «open talarstol» i kommunestyremøtet'. Underneath is a paragraph: 'Bur du i Ulstein, har du rett til å snakke direkte til kommunestyret om det du er oppteken av. I starten av kvart kommunestyremøte er det «open talarstol». Du må gjere avtale på førehand viss du ønsker ordet. Send ein e-post til ordforar@ulstein.kommune.no.' At the bottom is a link: 'Les meir om «open talarstol» i Politiske reglement (PDF, 2 MB).'

Arena/kanal: nettstaden til kommunen

Innhald: På nettstaden til kommunen vart det i 2017 oppretta ei side med ei rekke tips til korleis dei kan påverke lokalpolitikken – med tittelen *Slik kan du påverke*.

Resultat: Sida har gjort det enklare for innbyggjarane å få oversikt over korleis dei kan følge med på og ta del i avgjerdsprosessane. Sida er heidra med ei gullstjerne i Kommunekompasset, og tiltaket har spreidd seg til andre kommunar.

Folkemøte rundt om i kommunen

Arena/kanal: samlingshus i skulekrinsane

Innhald: Etter initiativ frå SV i kommunestyret har det i 2017 og 2018 vore halde folkemøte i kvar av grunnskulekrinsane i kommunen. På møta har eit knippe aktuelle saker vore presenterte av den politiske og administrative kommuneleiinga og medarbeidarar i kommunen. Innbygarane har gitt innspel, reist spørsmål og teke opp saker. Prosjektgruppa har bidrege med å organisere og marknadsføre møta.

Resultat: Om lag 120 innbygarar deltok i både 2017 og 2018. Mange av dei nytta høvet til å delta i den direkte dialogen med kommuneleiinga. Det har kome gode tilbakemeldingar frå innbygarane.



FEK GJERNINGSLAG Machig Szymanski og Reidar Gamnes har vore mellom på turen for trafikksikring i Botnen. Torsting metta dei opp på kommunestyremøtet for å få med seg resultatet av røystinga over om det skulle lånast pengar til gangveg. Det vart samrøystes vedtaka.

• Kommunestyret går inn for å løyve pengar til trafikksikring i Botnen


– Å engasjere seg nyttar

– Dette er eit godt døme på at det nyttar å engasjere seg. Ordførar Knut Erik Eng vil gjerne ha ordet då kommune-



Det har vore ein god dialog mellom kommune, opplysningskontoret og regjeringa, så Eng. Medan kommunen berdar for opparbeiding av gangveg, vil opplysningskontoret søkje å subroysting av vegen når det er skulekrysset i alle fall den eine vegen. «Røystinga er lagt til den staden der det er best tiltak. Det er den mest behov for ei kjøring som må framgare helle dagane, ikkje berre når borna skal til og

Kommunestyremøte: Facebook-sending og presentasjonar på nett



Arena/kanal: Sosiale medium

Innhald: I 2018 vart direktesendinga frå kommunestyremøta flytta frå YouTube til Facebook. Ein treng ikkje vere Facebook-brukar for å sjå sendingane. Sendingane vart flytta til Facebook for å gjere det lettare for folk å få dei med seg. Opptaka frå sendingane vart publiserte på YouTube. I tillegg er presentasjonane som vert viste i kommunestyresalen, no inkluderte i sendinga.


Resultat: Det er enklare å bli merksam på sendingane frå kommunestyremøta no enn før. I nokre tilfelle har det vore ordskifte i kommentarfeltet under sendingane. Presentasjonane på nett gir innbygarane betre innsyn og såleis betre grunnlag for å engasjere seg i det politiske ordskiftet.

Presentasjon av politiske saker på nett

Arena/kanal: nettstaden til kommunen, sosiale medium

Innhald: Sidan våren 2017 har saksbehandlarane i administrasjonen skrive inn kortversjonar av sakene i saksframlegga som skal til politisk behandling. Kortversjonane vert sette saman til artiklar på nettstaden kommunen. Artiklane er samla under vignetten *På saklista*. Dei gir raskt overblikk over kva saker som skal behandlast og kva sakene dreier seg om. Artiklane vert presenterte ved å trekke fram ei eller fleire saker som skal behandlast i møtet. Artiklane inneheld lenker til saksdokumenta og kontaktinformasjonen til dei folkevalde i det aktuelle organet.

Resultat: *På saklista* gjer det enklare for innbyggerane å få innsikt i dei politiske prosessane. På Facebook har det på meste har det kome nokre titals kommentarar til kvar av artiklane.



Idedugnad om aktivitetar på det nye biblioteket

Arena/kanal: sosiale medium

Innhald: Hausten 2017, nokre månader før nye Ulstein bibliotek på Ulstein Arena opna, laga vi ein video på Facebook-sida til kommunen. Der vart innbyggerane inviterte til å kome med idear til kva aktivitetar dei ønskte å delta på og bidra til på biblioteket. Folk vart oppmoda om å kome med sine idear direkte i kommentarfeltet.

Framstøyten vart presentert i lokalavisa.



Resultat: I staden for å berre reklamere for det komande biblioteket, engasjerte vi innbyggerane til å bli med på å fylle det med innhald. Det kom ca. 57 kommentarar med idear, og mange av kommentarane inneheldt ei rekke ulike idear.

Mobilisering av innspel om moglege innsparingstiltak


Arena/kanal: nettskjema, sosiale medium

Innhald: I 2018 har kommunen arbeidd spesielt med moglege innsparingstiltak. Rådmannen gjekk tidleg i prosessen ut og spurte innbyggerane til råds om kvar dei meinte kommunen kunne spare kostnader. Det vart oppretta eit nettskjema der folk kunne sende inn innspel, anonymt eller under fullt namn. Prosjektgruppa bidrog med å marknadsføre tiltaket.



Resultat: Det kom inn 25 utfylte skjema med til saman knapt 150 konkrete forslag til tiltak som kan spare kommunen for kostnader.

Mobilisering av innspel til kartlegging av friluftsområde




Arena/kanal: Sosiale medium, kart på nettet

Innhald: I samband med at arealdelen i kommuneplanen skulle rullerast, vart det i 2018 oppretta ei arbeidsgruppe som skulle kartlegge og verdsette friluftsområda i Ulstein. Prosjektgruppa for innbyggardialog har bidrege med mellom anna ein video på nettet der innbyggerane vart inviterte til å melde inn

kor dei driv friluftsliv i nærrområda sine. Innbyggerane vart oppmoda til å besøke eit nettkart der ein del friluftsområde var merka av, sjekke om «deira» område var gløymde og sende inn innspel på e-post.

Resultat: Om lag 20 personar, lag og organisasjonar kom med innspel.

Netthøring om arealspørsmål i kommuneplanen



Går nye vegar for å få innspel

No kan alle studere forslaget om turvegar til Ha-sundhornet og Øsbergst på eit tredimensjonalt kart og seie meininga si om saka.

Me ønskjer å få inn så mange meiningar som forslaget som mogleg. Jo fleire stemmer som blir høyrde, jo betre grunnlag for kommunestyret når dei skal avgjere saka, seier Anita Sandnes som er leiar i plan- og bygningssjefsinga i Ulstein kommune.

Arealdelen i kommuneplanen for Ulstein er no ute på høyring for andre gong. Der blir det mellom anna foreslått å lage turvegar til Øsbergst og Ha-sundhornet. Dei foreslåtte turvegane er teikne inn i den tredimensjonale karttenesta CityPlanner og ligg opne på internett. Her kan ein studere kartet og alle vinklar. Når ein har gjort seg opp ei meining om forslaga, svarer ein på noko spørsmål som kommunen har kopla til kartet. Svare blir kopla fram for dei tilrådde som skal votte kommuneplanen.

Denne er ein del av satsinga på innbyggjarlag i Ulstein.

Veg eller ikkje

Her er foreslått ein grusva turveg opp til Ha-sundhornet. Ho følger på austsida og opp til sjøen-fjellveggen. Vegen skal annars vere innstilt 2,5 m brei, innstilt 1,5 m brei eller betre minstle opparbeiding over silvrisvassleige parti. Her ønskjer kommunen innspel frå innbyggjarane om kva dei ønskjer. Kanskje det



INNBYGGJARLAG: Anita Sandnes og Svein Arne Ørvik i Ulstein kommune ber innbyggjarane til å seie meininga si. Fristen er 10. mai. Du kan sjå på CityPlanner, eller på e-post eller ved å ringe.



FOTO: ULSTEIN KOMMUNE

vegen vil vere universelt utforma, det vil seie tilgjengeleg for alle. Her blir innbyggjarane spurte om dei ønskjer turveg heilt fram til Øsbergst, heire til Kassen eller ikkje veg i det heile.

Ån dei første i Norge

Ulstein er mellom dei første kommunane i Norge som tar i bruk CityPlanner, som det er mykje brukt i Sverige.

Me prøver ut nye måtar å involvere innbyggjarane på. Målet er å gje folk betre høve til å gjørelse, seier Svein Arne Ørvik, leiar for avdeling for demokrat og kommunikasjon.

Kartet finn ein på adressa bby.com/synspunkt/. **WWW.ULSTEIN.KOMMUNE**

Arena/kanal: interaktiv kartteneste

Innhald: I samband med at arealdelen i kommuneplanen var på høyring, tok kommunen i 2018 i bruk den interaktive 3D-karttenesta CityPlanner. Tenesta gjer det mogleg for innbyggjarane å kommentere eit vidt spekter av arealsaker direkte inn på kartet. I høyringa om kommuneplanen nytta kommunen CityPlanner til ei undersøking der innbyggjarane vart utfordra til å melde sine synspunkt på ytterlegare utbygging av turvegar i Ulsteinfjella. Prosjektgruppa bidrog til utforminga og marknadsføringa av undersøkinga, bl.a. i lokalavisa og på Facebook. CityPlanner kan nyttast til ei mengd føremål der ein ønsker å visualisere aktuelle saker og hente inn synspunkt frå innbyggjarane.

Resultat: Det kom inn over 180 høyringsinnspel gjennom karttenesta.

Idedugnad om sentrumspark



Arena/kanal: Sosiale medium og fysisk ideverkstad

Innhald: Gjennom prosjektet *Skulen som møteplass* har kommunen arbeidd med uteområda ved skulane. Mellom Ulstein Arena og Ulsteinvik barneskule har problemstillinga vore korleis området kan bli ein sentrumspark for alle. Prosjektgruppa har i 2018 bidrege med å legge til rette for ein idedugnad på

Facebook. I ein film med dronebilde over området vart innbyggjarane oppmoda til å skrive idear til sentrumsparken i kommentarfeltet. På førehand hadde det vore ein fysisk ideverkstad med same tema. Fleire av dei som deltok der, vart oppmoda om å delta i idedugnaden på Facebook. Slik vart ideane tekne vidare frå ein arena og til ein annan, der andre kunne spinne vidare på dei.

Resultat: På Facebook kom det 46 kommentarar med idear og innspel, i tillegg kom resultatane frå den fysiske ideverkstaden. Landskapsarkitektane som i etterkant vart hyra til å skissere moglege løysingar for området, hadde såleis eit breitt grunnlag for arbeidet sitt. Innbyggjarane som hadde kome med idear, vart personleg inviterte til å vere til stades når landskapsarkitektane la fram sine skisser. Slik fekk innbyggjarane som hadde bidrege, høve til tilbakemelding om prosessen vidare i saka.

Dialogmøte med ungdom om sentrumsutvikling



Arena/kanal: Ulstein ungdomsskule

Innhald: Utgangspunktet for møtet i desember 2018 var den komande områdeplanen for sentrum. Temaet for møtet var framtidens bysentrum. Ungdomar (dels frå ungdomsrådet), folkevalde og tilsette sat saman i grupper. Deltakarane rullerte mellom gruppene. Ungdommane var i fleirtal. Samtalen dreia seg både om arealbruk (kva bør bevarast, kva kan rivast, kva bør vere opne område m.m.) og aktivitetar i sentrum. Gruppene

hadde store kartutskriftar over sentrum som verktøy i dialogen. Sentrumskart i den interaktive karttenesta CityPlanner vart presenterte.

Resultat: Ved at gruppene teikna på kart vart det dokumentert ei lang rekke ønske, innspel og idear. Innspela vert lagde inn i CityPlanner slik at dei blir tekne med i det vidare arbeidet med sentrumsplanen. Deltakarane fekk gitt innspel før planforslaget vert utarbeidd. Ungdommane melde tilbake at dei kjende seg inkluderte, fekk prøve ein ny måte å tenke på og fekk eigarskap til prosessen.

Dialogstand om sentrumsutvikling

Arena/kanal: Ulsteinvik under festivalen Smak av Ulstein

Innhald: Utgangspunktet for standen i juni 2018 var den komande områdeplanen for sentrum. Formannskapet og administrative leiarar i kommunen stod på stand saman. Dei hadde med seg spørjeskjema med kart som dei nytta i dialogen med innbyggjarar. Innbyggjarane som deltok var med i trekkinga av premiar. Trekkinga vart gjort i ei direkteending på nett.



Resultat: 58 innbyggjarar deltok. Dei fekk gitt sine innspel til planen i ein tidleg fase, før planforslaget vert utarbeidd. Innspela er lagra og vert lagde inn i karttenesta CityPlanner. Vi har telefonnummer til dei som gav innspel, og vil sende dei ei tekstmelding med lenke til kartet der innspela vert lagde. Slik får dei følge prosessen vidare.

Mobilisering av innspel om livskvalitet for eldre



Arena/kanal: Facebook, e-post, brukarkonferanse

Innhald: I 2018 har eit utval arbeid med lokal oppfølging av reforma *Leve heile livet* om livskvalitet og ein trygg og aktiv alderdom. Utvalet gjekk breitt ut og bad om innspel frå innbyggjarane om tema som: Korleis vil du bu i alderdomen? Kva gir god fysisk og psykisk helse? Kva bør kommunen stille opp med? Kva kan du sjølv bidra

med? På Facebook-sida til kommunen vart det laga ein video der leiaren i utvalet inviterte til å gi innspel i kommentarfeltet eller på ei eiga e-postadresse som vart oppretta til føremålet. Utvalet nytta lokalavisa til å invitere innbyggjarane med i arbeidet.

Resultat: På Facebook og e-post gav 18 innbyggjarar innspel. I tillegg kjem m.a. brukarkonferansen.

Budsjettpresentasjon med dialog

4 TORSDAG 8. NOVEMBER 2018 VIKERLADET VESTPOSTEN

● La ikkje skjul på at Ulstein kommune vil ha ein avgrensa økonomisk handlefridom:

– Vi må gjere grep

Ulstein kommune ved rådmann Einar Vik Arset og økonomileiar Steinar Nummedal arrangerte tysdag eit ope møte kring forslaget til budsjett og økonomiplan for 2019–2022 på Ulstein bibliotek. Dei var ærlege på at kommunen har nokre tøffe år framfor seg – og at ein må ta grep.

Både lokalpolitikarar, folk frå administrasjonen, ulike avdelingar i kommunen og bygd- og landsbyfolk hadde møtt fram for å få med seg presentasjonen. Rådmann Einar Vik Arset opna med å leggje fram ei konkret framstilling av økonomiplanen for den neste perioden, der det tydeleg gjekk fram at Ulstein kommune må gjere drastiske og naudsynne grep. Det som står fram som mest drastisk er at rådmannen foreslår å flytte nær sagt alle investeringar ut i tid.

Men, han presenterte også glødelige aspekt ved økonomiplanen, som at omsorg er foreslått ei utvida løyving med 10 millionar kroner, ei styrking av introduksjonsprogrammet, ei etablering av ein jobbsentral, ei vidare satsing på teknologiskulen og velferdsteknologi, skaparverkstad på Ulstein bibliotek og stasjon til etable-



OPPEMNOTE: Det var godt frammette på Ulstein bibliotek i Ulstein Arena tysdag kveld. Rådmann Einar Vik Arset og økonomileiar Steinar Nummedal orienterte først dei frammette om økonomiplanen og budsjettet for 2019, før folk i salen kunne stille spørsmål. April neste år, sa Arset til dei til mindre overføringar frå sta- – Det som går fram av tala er og sørge for vekst i inntektene,

Arena/kanal: ope møte på Ulstein bibliotek

Innhald: I november 2018 vart det for første gong arrangert eit ope møte der rådmannen presenterte budsjettet og økonomiplanen for dei neste åra. Prosjektgruppa bidrog med tilrettelegging og marknadsføring.

Resultat: Om lag 60 personar deltok, blant desse var det både folkevalde og andre innbyggjarar. Det vart eit omfattande ordsdiskfett på møtet. Arrangementet fungerte både som ein start på den politiske budsjettbehandlinga og som dialog med innbyggjarane. Tiltaket fekk gode tilbakemeldingar, blant anna i lokalavisa.

LÆRDOM OG OPPFØLGING

På rett veg

Prosjektgruppa vurderer det slik at prosjektarbeidet har bidrege til at kommunen er på veg mot dei måla som er sette for arbeidet:

- Innbyggerane i Ulstein medverkar i avgjerdsprosessar.
- Ulstein kommune har ein kultur for innbyggardialog og samskapar med nye verkemiddel.

Prosjektgruppa ser det samtidig slik at kommunen må arbeide for å engasjere endå fleire innbyggerar og styrke ein kultur for innbyggardialog.

Retninga for arbeidet

I *Strategi for innbyggardialog* er retninga for arbeidet uttrykt i form av desse prinsippa:

- Vekke engasjement
- Ha dialog der innbyggerane er
- Prøve ut innovative verkemiddel
- Lage heilskaplege prosessar
- Ha dialog tidleg
- Sette tydelege føremål
- Ha mest mogleg medverknad
- Late innbyggaren ta initiativ
- Ta initiativ frå kommunen
- Involvere folkevalde
- Gi tilbakemelding og vise at det nyttar
- Ta felles, koordinert ansvar

Prinsippa er utdjupa i strategidokumentet.

Erfaringar å ta med seg

Prosjektgruppa og leiarforumet i kommunen har elles sett på erfaringar frå prosjektperioden som er relevante for arbeidet framover. Mellom anna desse momenta har vore trekte fram:

- Jo meir konkrete føremålet med dialogen er, jo meir engasjerte blir ofte deltakarane.
- Digitale og fysiske møteplassar utfyller kvarandre. Ulike grupper er på ulike arenaer. Ikkje alle er på digitale arenaer.
- I dedugnadar på nett har den fordel at innbyggerane vert inspirerte av å sjå idear frå andre.
- Også fysiske møteplassar trengst for å vekke og utdjupe engasjement og bygge tillit.
- Innspel som kjem i innbyggardialogen må bli vurderte og få tilbakemelding. Deltakarane må erfare at dialogen fører til resultat.
- Det er ein styrke at innspel frå éin arena vert tekne med til fleire arenaer og vidareutvikla.
- Det er viktig å halde fram med å bygge ein breitt forankra kultur for innbyggardialog og ha ressursar til å drive dialogen.

Vidare satsing

For å følge opp *Strategi for innbyggardialog* ser prosjektgruppa det som avgjerande at

- dei politiske organa etterspør innbyggardialog før saker skal til vedtak og at
- etatane og avdelingane planlegg innbyggardialog i prosessar som skal leie til politiske vedtak.

Prosjektgruppa vil elles spele inn desse forslaga:

- Planstrategien (oversikta over kva planar kommunen skal ha) får eit eige punkt under kvar plan om korleis innbyggardialogen skal skje.
- Med utgangspunkt i prosjektgruppa frå 2017–2018 vert det etablert eit forum med representantar frå alle etatane, for å lære av kvarandre og samarbeide om innbyggardialog.